

## **Årsmelding for arbeidsutvalet i Eikanger IL 2014:**

Medlemmer i arbeidsutvalet: Ingvard Jordal (leiar), Ruth Henanger Jordal (nestleiar/kaserar), Erik Nilsen (medlem), Toril Dalland Kvammen (medlem) og Maria Færø (tilsett). Cato Tangen var vald inn men hadde ikkje anledning å delta. Søkte om fritak i august og fekk det.

Arbeidsutvalet har hatt 9 møte sidan årsmøte 2013, i tillegg til ein del kommunikasjon på e-post og telefon. Hovudstyret har hatt 4 møter sidan førre årsmøte. I tillegg kjem felles konstitueringsmøte for alle gruppene.

### **Oppgåver AU har arbeidd med i året:**

- Oppfølging av dei ulike gruppene
- Omlegging til nytt medlemsregister, Klubbadmin
- Samarbeid med utearealgruppa på Ostereidet om å etablere sandvolleyballbane
- Støtte ski- gruppa i satsinga på Gamlesetra ski- anlegg
- Vandelsattest for dei som jobbar med born og unge
- Klubbutvikling
- Rutinar rundt økonomi
- Hausfest med basar

Oppfølging av gruppene. Det er dei ulike gruppene i laget som *er* idrettslaget. Det er der tilbod om aktivitet på ulike plan og nivå blir generert. I år har det vore eit fungerande styre i fotballgrupa, det er gledeleg. Elles ser AU at det blir utført mykje godt arbeid i gruppene. Her er mange som legg ned ein betydeleg innsats.

Eikanger har i 2014 gått over til klubbadmin som er ein del av forbundet si omlegging av medlemsregistreringa. Det har ført til at me må jobba oss gjennom alle gamle lister. Kravet er at all fakturering av kontingenter skal vere elektronisk. Medlemmene må derfor registrere seg i min idrett. EIL skal sende faktura i klubbadmin så får medlemmene den i min idrett. Fakturering av medlemskontingent og kontroll med medlemsregisterert har vore eit svakt punkt hjå oss ein del år. Med denne pålagte omlegginga får me ein stor ryddejobb, men me trur og at det kan gje oss tilbake oversikten.

Sandvolleyballbana blei ferdigstilt i 2014 og den har vor flittig brukt gjennom sommarhalvåret, veldig kjekt.

På Gamlesetra ski-anlegg er skigruppa godt i gang med tiltak for utbetring av anlegget. AU har vore engasjert i deler av prosjektet. Mellom anna oppdraget årsmøte gav hovedstyre i 2014 med å kvalitetsikre planane.

Vandelsattest for dei som jobbar med born og unge er eit viktig tiltak for å hindre at overgrep kan skje i våre samanhengar. På grunn av personvernet er det laga strenge reglar for korleis vandelsattestar skal handterast. Det betyr at det er ein kontinuerleg jobb å vere ajour med dette.

Klubbutvikling er eit tilbod kretsen har til laga i kretsen. EIL blei med på det sidan me såg me trong hjelp til å endre ein del ting i laget. Rekruttering til styreverv har vore og er eit stort problem, men og til andre oppgåver i laget. Dersom EIL skal ha ein framtid måtte grep takast. Hovedstyret gjorde

derfor vedtak om å bli med på opplegget til kretsen. Det har vore tre fellessamlinger med gruppearbeid i mellom. Det er tre grupper som har vore/er i aksjon innan området som kom opp i prosessen var svake punkt i EIL. Det var hovedstyre som prioriterte kva emne det skulle takst tak no. Emna gruppene har jobba med er: Heimesider, rolleskildring og rekruttering.

Økonomi er viktig for eit idrettslag. EIL har god økonomi, men i fjar kom Økonor med litt kritikk mot rutinane våre. Det er ikkje heilt unaturleg at det kan skje, når det meste blir gjort av skiftande frivillige. AU har derfor jobba ein del med å betre rutinane i laget. Det er bra for økonomien og det er bra for laget.

Hauifesten er årets samling i idrettslaget. Det er eit stort dugnadsprosjekt, der mange er med og løfter i flokk. Økonomisk er den eit godt bidrag, sjølv om det gjerne har vore viktigare før enn no. Det sosiale aspektet der me kjem saman på tvers av aktivitetar, får heidra dei som har delteke osv., er bra. Det skulle det gjerne vore meir av.

### **Oppsummering**

2014 har vore eit bra arbeidsår der me har vore litt meir ajour med oppgåvene enn dei siste åra. Framleis er det mykje å strekkja seg etter og me kjenner på slitasjen ved at det er vanskelig å få andre til å ta over. Rekruttering til ulike styreverv har nok alltid gått litt opp og ned, men det blir truleg ikkje lettare. Så det området må takast på alvor. Ved ein jamn og god rekruttering er det lettare å sei ja, når ein ser at det er råd å tre tilbake etter å ha gjort ein innsats.

Det er mykje å gle seg over i EIL. Mange gjer ein betydeleg innsats for at idrettslaget kan gje eit breitt tilbod med aktivitet i området vårt. Arbeidet vårt femnar om viktige området i samfunnet. Tilbod til born og unge, folkehelse, sosiale møteplassar m.m. er utrykk som dekkjer arbeidet vårt. Det har me grunn til å vera stolte av.